




Valprogram 2023-2027



Sveio inn i framtida!

Sveio inn i framtida!

Snart er det val, og du kan vere med å bestemme korleis du vil at Sveiosamfunnet skal vere og korleis det skal utviklast vidare.

Me står ovanfor utfordringar i åra som kjem. Desse oppgåvene løyser me best saman, i fellesskap.

I starten av forrige periode viste innbyggjarane i Sveio eit utruleg engasjement og energi i saker som var viktige for den enkelte. Sveio Arbeiderparti tar dette på alvor og vil legge til rette for at slikt engasjement og energi løyser ut vekstfremmande tiltak som sikrar aktivitet og bu- og næringsutvikling i heile kommunen.

Me er inne i ein periode der bedrifter i kommunar rundt oss vil kunne konkurrere om kontraktar på fleire hundre milliardar kroner dei neste åra. Denne satsinga kjem innan olje & gas, marin teknologi, energiteknologi, havvind og bioøkonomi. Sveio bør legge til rette for bu- og næringsområder, slik at me får ta del i veksten som vil kome i vårt område. Områder langs Bømlafjorden og E39 må utviklast for slik satsing, og kommunen vil vere ein viktig tilretteleggjar.

Sveio kommune skal fortsette å vere ein god kommune å bu og leve i. Me må sørge for at me vidarefører god kvalitet i dei kommunale tenestene, med fokus på at du skal leve eit godt liv frå «vogge til grav» i vår flotte kommune. Sveio Arbeiderparti vil derfor arbeide aktivt for å utvikle kommunen vår vidare. Me må ha eit sterkt sentrum og attraktive bygder. Sentrum og bygdene er gjensidig avhengig av kvarandre, og me må jobbe saman for ein god utvikling av heile kommunen vår. Me vil derfor ferdigstille dei investeringsprosjekta me er i slutfasen av, som badeanlegg, nyskapande aktivitets- og idrettsanlegg og ny kommunal barnehage i Sveio sentrum. I tillegg vil me styrke initiativ til utvikling i krinsane med blant anna å fortsette å sette av årlege midlar til nærmiljø og sosiale møteplassar og vere positiv til søknad om liv og lyst-prosjekt. Me vil og vidareføre den gode dialogen med bygdene gjennom fleire «bulyst-rundar».

Samtidig må me sikre at me har god kvalitet i dei tenestene du som innbyggjar brukar. Sveio Arbeiderparti vil arbeide for gode oppvekstvilkår og omsorgstenester, god næringsutvikling, eit variert idrettstilbod og spennande kulturliv.

Me som er folkevalde pliktar å samhandle med alle som blir vald inn i kommunestyret. Representantane i kommunestyret er vald inn frå deg som innbyggjar, og då få me dei beste vedtaka for deg og kommunen ved å lytte til kvarande. Det er viktig for oss å arbeide vidare for ei slik god samhandling mellom dei som skal fatte vedtak i saker som får betydning for tenestene og utvikling av kommunen.

Sveio kommune skal vere ein ja – kommune, men også ha miljøkrav og forventningar til bedrifter i kommunen, slik at kommunen er klar i si rolle som ein heilskapleg samfunnsbyggjar. Kommunen skal leggja til rette for utvikling. Det er gjennom samarbeid med deg som innbyggjar, bygdene våre og næringslivet me sikrar ei god utvikling og vekst i den kommunen me er så glad i.

Godt val!

Beste helsing

Linn Therese Erve
Ordførarkandidat



Regional utvikling og samarbeid

– «Sveio midt i leio»

Sveio ligg strategisk til midt mellom to sterke regionar – Sunnhordland og Haugalandet, og me er ein naturleg del av begge regionane. Me meiner regionane mellom Bokn og Bjørnen må fortsette å jobbe tett saman for vidare utvikling. Sunnhordland og Haugalandet har mange felles trekk, og saman er me mykje sterkare til å bygge Vestlandet.

Sveio kommune har i denne perioden vore ein sterk brubyggar mellom regionane, som blant anna har resultert i ei felles havvindssatsing. Sveio Arbeiderparti vil forsette det gode samarbeidet me har med nabokommunar og regionar, både nord og sør. Eit sterkt og godt regionalt samarbeid gjer at me lettare får nye næringsetableringar som gir arbeidsplassar, og dermed tilflytting. Samtidig må me arbeide for å utvikle kommunen vidare. Slik legg me saman til rette for vekst – både folketalsvekst og næringsvekst.



3

Sveio arbeiderparti vil:

- vere ein pådrivar for samhandling i Sunnhordland og Haugalandet m.a. gjennom Sunnhordlandsrådet og Haugaland vekst.
- vere aktiv part i våre interkommunale samarbeid og selskap Sveio er medeigar i.
- vere ein pådrivar for tettare samarbeid mellom Sunnhordland og Haugalandet og mellom Rogaland og Vestland fylke. På sikt er målet ei samanslåing av fylka til ein sterk Vestlandsregion.
- vurdere eigarskap i regionale næringsprosjekt og vere aktivt med i regionale initiativ både sør og nord for Sveio.
- arbeide for å bygge ut meir fornybar energi, ma. vasskraft, havvind og småskala energiproduksjon.
- arbeide opp mot staten for raskare myndighetsprosessar knytt til utbygging av både havvind, vasskraft og kraftnett.
- arbeide for å sikre lokal verdiskaping og arbeidsplassar knytt til havvind.
- arbeide for å forsterke kraftnettet til og frå regionen.
arbeide for tiltak som sikrar energieffektivisering.
- bidra til å etablera eit regionalt senter for yrkesfag saman med fylkeskommunen og næringslivet, gjennom våre regionråd.
- stille areal til disposisjon for interkommunale prosjekt



Gode oppvekstvilkår i Sveio

Foreldre, familie, vener og nærmiljø spelar alle ei avgjerande rolle når born veks opp, for deira trivnad og utvikling. Barnehagar og skular kjem inn som viktige arenaer for læring og sosial samhandling. Saman med fritidsaktivitetar innan idrett, friluftsliv, musikk og heile spekteret av organiserte og uorganisert aktivitet, så utgjør dette oppvekstvilkåra til våre born og ungdomar. Det er vår felles oppgåve å syta for at desse vilkåra er best mogleg.

Sveio Arbeiderparti vil:

- ha born og unge si helse i fokus, og sikra at dei vaksne som jobbar tett med barn og unge har nok og rett kompetanse til førebygging og oppfølging.
- at alle barn og unge skal ha tilgang til fritidstilbod, kulturtilbod og idrettsaktivitetar.
- gjennom arbeid med oppvekstreforma, sikre betre samhandling mellom tenestene slik at ein ser kvart enkelt barn og familie.
- syte for at barn og unge i Sveio skal vera trygge i vatn gjennom god symjeopplæring i badeanlegg som er tilrettelagt for dette.

Barnehage

For Sveio Arbeiderparti er det viktig å sikre at barnefamiliar i Sveio har barnehageplass til barna sine i praktisk avstand frå der dei bur.

Sveio arbeiderparti vil:

- støtte pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagane for å auka kvaliteten.
- ferdigstille arbeid med ny kommunal barnehage i Sveio sentrum
- syte for at livsmeistring er eit viktig fokusområde i barnehagar og skular.



Skule

Innhald i barnehage og skule er framtida til våre barn. Skulane og barnehagane i Sveio skal ha høg kvalitet og kompetanse, både fagleg og pedagogisk.

Sveio Arbeiderparti vil prioritere ressursar slik at skulane i Sveio når målet for best opplæring og oppfølging av barn og unge. Sveio Arbeiderparti er oppteken av at alle skal ha like mogelegheiter, uavhengig av sosial bakgrunn.

Arbeiderpartiet meiner lærarar treng meir tid med kvar elev for å sikra at dei grunnleggjande ferdigheiter er på plass. Me vil arbeide for å styrke laget rundt eleven.

Sveio Arbeiderparti vil:

- sikre at elevane har ei god og trygg opplæring og skulekvardag. Skulen skal vere ein god plass å vere og ein god plass å lære.
- sikre gode rammer for at elevar i Sveio får god opplæring i lesing, skriving og digital kompetanse, både gjennom digitale verktøy og fysiske læremiddel som skulebøker.
- arbeide for at barnehage og skular skal vere gode arenaer som fremjar fysisk og psykisk helse.
- arbeide for nulltoleranse av mobbing i Sveioskulen, med førebyggjande tiltak og at dei tilsette har god kompetanse på området.
- fortsette fokuset på tidleg innsats frå barnehage og gjennom skulen for å gi alle barn eit godt utgangspunkt for trivsel og læring.
- arbeide for god kvalitet og innhald i kommunen sine SFO-tilbod.
- greie ut om Sveio kan bli ein forsøkskommune for varm skulemat i Noreg.
- sørge for større fokus på utanforskap og inkludering, slik at alle barn opplev trygge og gode oppvekstvilkår i skulen, til dømes gjennom ei felles satsing mot mobbing og utanforskap.
- jobbe for betre tverrfagleg samhandling mellom skule og helse.
- syte for tilstrekkelege ressursar til helsesjukepleiarar i skulane.
- jobbe for næringsutvikling og vekst i innbyggjartal og elevtal i heile kommunen, og me vil derfor oppretthalda dagens skulestruktur.



Framtidas helse og omsorg

Gode helse- og omsorgstenester står heilt sentralt i det velferdstilbodet kommunen skal tilby innbyggjarane når dei treng det. Utforminga av desse tenestene er i stadig endring.

6

Folkehelse er grunnsteinen i det lokale helsearbeidet. Sveio Arbeiderparti satsar på førebyggjande helsearbeid ved tidleg innsats i skulen, rettleiing for føresette, god helsesøsterteneste, barnevern, samt vedlikehald og tilrettelegging av aktivitet der folk bur. Nytt badeanlegg i Sveio sentrum er eit døme på eit viktig tilbod til innbyggjarane våre.

Me ser at det er utfordringar med å få tilstrekkeleg arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren. Me må derfor gjere det attraktivt å jobbe i Sveio.

Aktivitet er viktig for god helse i alle aldrar. Sveio Arbeiderparti vil rydde fleire turstiar, få opp fleire informasjonsskilt, meir lys og gangveggar, vedlikehalde og legge til rette for leikeplassar og idrettsanlegg der folk bur.

Sveio arbeiderparti vil:

- ha sterkt fokus på førebyggjande helsearbeid for å betre folkehelse og folks livskvalitet, og dermed redusere behovet for kostbare kommunale tenester.
- legge til rette for at tilsette kan ta utdanning under arbeid, samt etterutdanning og kompetanseheving.
- sikre gode helsetenester i kommunen, i samarbeid med tilsette.
- sikre at det er gode og tilstrekkelege legetenester i kommunen.
- greie ut moglegheiter for legevaktsamarbeid nordover, i tillegg til eksisterande samarbeid.
- ha fokus på å samle kompetanse og god struktur i helse- og omsorgssektoren, slik at det er attraktivt for både brukarar og tilsette.
- sikre nok ressursar til arbeid med psykisk helse.
- sikre brukarmedverknad i alle politiske prosessar gjennom aktiv samhandling med brukarorganisasjonar, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne.
- Styrke BPA-ordninga.
- føre ein sosial bustadpolitikk som sørger for at det er eit tilbod til dei som ikkje kjem inn på den ordinære bustadmarknaden.
- vidareføre arbeidet som er med på å gjere Sveio til ein føregangskommune for heiltidskultur i omsorgssektoren.
- syte for at personar med nedsatt buevne blir godt ivaretatt.
- samle butiltaka for personar med psykisk utviklingshemming (habilitering). Me vil kartlegge oppussing av eksisterande bygg til noverande Sveio barnehage til dette føremålet.



Eit aldersvenleg samfunn

Kompetanseheving og organisasjonskultur, saman med kommuneøkonomi er avgjerande for korleis den kommunale tenesteytinga og kvaliteten i helse- og omsorgstenestene vert opplevd.

Innspel frå og samspel med pårørande og brukarorganisasjonar må inngå i systematisk arbeid med forbetring og utvikling av tenestene. Dette går til kjernen av det kvalitetsreforma «Leva heile livet» dreier seg om, ei reform som snart skal heita «Bu trygt heime».

Reforma skal bidra til å skapa eit samfunn det er godt å vere og bli eldre i. Visjonen er at innbyggjarane gjennom heile livet skal kunna delta, kunna skapa og bety noko, kunna gje og få god omsorg. Alle veit kva som skaper gode kvardagar, for dei. Denne kunnskapen og erfaringar om kva tiltak som verkar, må takast i bruk og leggjast til grunn ved utforminga av kommunale tenester og tilbod – i det kontinuerlege arbeidet med å skapa eit aldersvenleg samfunn.

Sveio arbeiderparti vil:

- tilrettelegge for gode bumiljø i eldreomsorga, og greie ut ulike buformar innan helse og omsorgsektoren i samarbeid med brukarane.
- at dei som treng det skal få sjukeheims plass.
- at Sveio kommune skal investere i velferdsteknologi, der arbeidsmiljøutvalet skal definere og foreslå områder for dette.
- satse vidare på dagsenter for eldre for å auka trivsel og funksjonsevne, og redusere trongen for kommunale institusjonsplassar.
- vidareutvikle heimetenestene slik at fleire kan bu trygt og godt heime, med blant anna tiltak som avlastning i heimen med til dømes miljøarbeidar eller BPA.
- støtte frivillige lag og organisasjonar som har aktivitetstilbod til eldre innbyggjarar.

Kultur, idrett og frivillig arbeid

Sveio Arbeiderparti meiner at kultur, idrett og frivillig arbeid er sterke identitetsbyggjarar for kommunen vår. Ei satsing på dette området er viktig for å få fleire til å busetja seg i og besøka kommunen vår.

Sveio Arbeiderparti er svært opptatt av at alle skal ha like moglegheiter til å delta på ulike aktivitetar i Sveio. I tillegg er det viktig at kommunen legg til rette for at det er enkelt å vere saman med andre og vere i fysisk aktivitet. Sveio Arbeiderparti vil derfor utvikle Vigdartun kultursenter slik at det er lagt til rette for ulik aktivitet for innbyggjarane, både organisert og eigenorganisert aktivitet.

For oss er det viktig å fullføre investeringsprosjekta me er i sluttfasen av planlegginga på, med eit framtidssentra sentralidretts- og kulturanlegg, badeanlegg og aktivitets- og idrettshall.

I vest og nord i Sveio finn med nokon av dei flottaste kulturelle skattane me har. Sveio Arbeiderparti vil stå som



ein garantist i arbeidet med å forvalte desse kulturelle fyrtårna ved å profilere og stimulere til ei vidare utvikling i arbeidet rundt til dømes Ryvarden kulturfyrr, Fartein Valen og Valenheimen, Einstabøvoll Gard, Øklandstunet, Kysttunet, Gullnaustet, og REX- garden.

Sveio Arbeidarparti vil:

- greie ut moglegheit for å innføre Fritidskort til barn og unge.
- vidareutvikle Ryvarden som kulturfyrtårn, turistattraksjon og møteplass og dra nytte av synergjar frå Flokehyttene.
- sikre god dialog med lag og organisasjonar.
- legge til rette for nye turstiar.
- greie ut moglegheit for å bruke innovative løysingar for lys på turstiar der det er mogeleg.
- realisere planar for utviding av sentralidrettsanlegget i Sveio med Vigdartun kultursenter, badeanlegg og idrettshall etter mogelegheitsstudiet med Vestland fylkeskommune.
- vere i dialog med idretten for å sjå på ei mogleg utviding av banekapasitet for fotball, der eit tilskot frå kommunen kan vere eit alternativ.
- halde fram med å gi årleg tilskot til dagleg leiar for idretten.
- oppmode til å bruke lokale kulturpersonlegheiter i skulen, som til dømes Fartein Valen og Einar Økland.
- støtte opp under og vidareutvikle Sveio frivilligsentral
- legge til rette for bruk av frivillig arbeid i helse- og omsorgssektoren, i samarbeid med lag og organisasjonar.
- finne løysingar saman med Kyrkja som gjer at Kyrkja kan utøva tenesta si på best måte blant innbyggjarane.
- styrke biblioteket for å legge til rette for meir aktivitet.

Kulturskulen

Kulturskulen skal gi alle eit tilbod om å utvikla sine kreative evner og interesser. Kulturskulen er difor eit viktig velferdstiltak som bidrar til å gjere Sveio til eit levande, utviklande og attraktivt bu- og oppvekstmiljø.

Sveio arbeiderparti vil:

- sikre eit breitt tilbod i kulturskulen og gode lokalitetar for drifta
- arbeide for eit tett samarbeid mellom kulturskulen og skulen med sikte på å gi fleire barn tilgang til kulturskuletilbodet.
- arbeide for styrking av kulturskulen, gjerne i samarbeid med nabokommunar.

Inkludering og integrering

Det å kjenna seg utanfor, å ikkje bli rekna med eller å ikkje bli inkludert er noko me alle kan oppleve i ulike livsfasar og samanhengar. Det kan vere mobbing, diskriminering, trakassering på arbeidsplassen, fattigdom, isolering og einsemd, og det kan dreia seg om at ein med nedsett funksjonsevne stadig opplever at «universell utforming» er eit tomt slagord. Det kan òg handla om at rusproblem fører til isolasjon og utanforskap.

Fellesskap med plass til alle menneske er eit gode for samfunnet. For å bygge sterke fellesskap må alle menneske ha same mogelegheiter til å ta del i samfunnet. Dei sosiale fellesskapa, enten det er gjennom skulen, arbeidslivet, idretten, kulturen eller frivilligheita, må vere opne og inkluderande arenaer.

Det er vår felles oppgåve å tilby hjelp og fellesskap å knyta seg til. Krigen i Europa gjev oss nye utfordringar. Alle våre nye innbyggjarar har gjennom åra blitt ønskt velkomne, blitt forsøkt integrerte og inkluderte. Måten me no tek i mot Ukrainarar på som er på flukt frå ein nådelaus angrepskrig, minner oss om verdien av fellesskap og at vi stiller opp for kvarandre. Me vil at alle skal føle seg heime og inkluderte i Sveio uansett alder, bakgrunn, legning, religion eller hudfarge.



Sveio Arbeidarparti vil:

- sikre at me har nok bustadar til flyktningar.
- at kommunen skal vidareutvikla «Friskus» som verktøy for aktivitetar, frivillig arbeid og inkludering.
- at kommunen skal vera ein pådrivar for etablering av praksisplassar og eit godt koordinert inkluderingsarbeid. Tilpassa språkopplæring for arbeidsinnvandrarar og høve til språktrening for flyktningar og asylsøkjjarar skal prioriterast enno sterkare. Arbeid og tileigning av språk er sjølve nøkkelen til vellukka integrering.
- vurdere å gi tilskot til kjøp av bil til flyktningar som kan ha behov for det.
- arbeide aktivt for eit inkluderande arbeidsliv, og få fleire ut i arbeid av dei som av ulike årsaker no står utanfor arbeidslivet.



Berekraft

Sveio kommune har ein variert natur der innbyggjarane har tilgang til sjø, skog og fjell. Dette utgjør eit viktig grunnlag for velferd og livskvalitet for innbyggjarane.

For Sveio Arbeidarparti er det eit prioritert mål å ta vare på kvalitetane i natur- og kulturmiljøet. Samstundes må Sveio kommune ta sitt ansvar for å motverka klimaforverringa, som kan bli det største trugsmålet mot velferd og livskvalitet i framtida. Omsynet til klima, miljø og naturmangfald skal difor trekkjast inn i alle politiske avgjerder.

Sveio kommune skal halda fram med å vera eit miljøfyrtårn og vera i front når det gjeld å ta i bruk miljøvennlige løysningar.

Sveio Arbeidarparti meiner det er viktig å velje miljøvennlige løysningar i utbyggingsprosjekter, bustad og veg.



Sveio Arbeidarparti vil:

- arbeide for solceller på fleire kommunale og private bygg.
- vidareføre støtte til ENØK-tiltak til næring og private.
- vidareføre klimabudsjett og -rekneskap med konkrete mål om utsleppskutt i tråd med Paris-avtalen.
- vekte klima- og miljøomsyn med minimum 30 prosent i offentlege anskaffingar og høgare der det er relevant.
- styrke arbeidet for sirkulærøkonomi ved blant anna å kartlegge og vurdere rehabilitering og oppgradering av bygg i staden for å bygge nytt, halvere matsvinn, legge til rette for gjenbruk og styrke utlåns- og låneordningar lokalt.
- styrke energieffektiviseringsarbeidet i nye og eksisterande kommunale bygg.
- legge til rette for at kommunar har fossilfrie eller nullutsleppskøyretøy.
- at alle nye kommunale køyretøy skal ha nullutslepp.
- legge til rette for fleire ladestasjonar for el-bilar.

Nærings- utvikling

”

Sveio kommune skal vere effektiv og smidig i samarbeid med næringslivet.

Sveio Arbeiderparti vil at kommunen skal bidra til gode rammevilkår for eksisterande bedrifter og vere ein aktiv tilretteleggjar og støttespelar for nyetableringar.

Målet må vere at næringslivet i kommunen på eige initiativ fram-
snakkar Sveio kommune som ein Ja – kommune, der det er kort veg frå søknad til ei avgjerd.

Det ligg store mogelegheiter på Haugalandet og Sunnhordland med tanke på auka næringsaktivitet, og særleg havvindsatsing. Sveio Arbeiderparti vil derfor arbeide aktivt for å legge til rette for at Sveio kan ta del i den auka aktiviteten. Me vil derfor finne eigna næringsareal til sjø, der gjerne fleire aktørar kan etablere seg.

Me ligg i hjarta av Sunnhordland og Haugalandet, og skal vise handlekraft i høve næringsutvikling langs E39 og Fv47. Me ønsker å utvikle dei næringsområda me allereie har på Ekrene, Hanaleite og i sentrum. Sveio Arbeiderparti ser at me treng nye næringsareal langs E 39.

Me meiner næringsareal bør opparbeidast i samarbeid med utbyggjarfirma.

11

Sveio Arbeidarparti vil:

- utvikle næringsområda vidare på Ekrene, Hanaleite, Sveio sentrum og langs E39.
- arbeide for etablering av nytt næringsområde langs E39, i samarbeid med private utbyggingsaktørar og grunneigarar.
- sikre naudsynt infrastruktur til næringsareal langs E39.
- legge til rette for eigna næringsareal til sjø.
- arbeide for at eit regionalt kunnskapssenter for fornybar energi blir etablert i vårt området.
- framsnakke lokal handel i heile kommunen.
- arbeide for god dialog med næringslivet som er etablert.
- vere ein aktiv pådrivar for å få nye bedrifter til å etablere seg i Sveio kommune, gjennom god dialog og samhandling.
- satse på eit aktivt og framtidsretta jordbruk, sjølvforsyning og eksport av landbruksprodukt.
- vere ein pådrivar for at staten greier ut om erfaringar frå Østeriks alpelandbruk kan overførast til kyst- og fjellandbruk i Norge.
- støtte oppunder Sveio næringsforum



Kommunen som ein attraktiv arbeidsgivar

Sveio Arbeiderparti er stolt over innsatsen dei kommunalt tilsette gjer kvar dag for å gi våre innbyggjarar eit best mogeleg og tilgjengeleg tenestetilbod. Våre tilsette er den viktigaste ressursen i arbeidet med å utvikle teneste-

tilbodet og gjere Sveio kommune til ein enda betre plass å bu og leve. Det skal vere trygt og godt å arbeide i Sveio kommune.

Sveio Arbeidarparti vil:

- at Sveio kommune skal vere ein heiltids-kommune, der tilsette skal ha moglegheit til 100 % stilling.
- arbeide for fleire lærlingplassar i kommunen.
- at kommunen arbeider aktivt for betre integrering i arbeidslivet.
- at kommunen har gode rammer for etter- og vidareutdanning for dei tilsette.
- at Sveio kommune legg til rette for praksisplassar som inkluderer språktrening.
- at omstilling, fornying og utvikling i kommunen skjer i nært samarbeid med dei tilsette.
- sikre og vidareutvikle at Sveio kommune er ein attraktiv arbeidsstad.
- ha fokus på rekruttering.
- at kommunen oppmodar næringslivsaktørar om å auke antal lærlingplassar i sine verksemder.
- arbeide for at fleire unge og arbeidslause kan få sommarjobb.

Turisme og reiseliv

Sveio Arbeiderparti ser at naturopplevingar, ulike kulturuttrykk og eit mangfald av idrettstilbod, kan vere med på å styrke Sveio som ein attraktiv møtestad for turisme og reiseliv.

Sveio Arbeiderparti vil marknadsføre kommunen vår som ei turistperle og Vestlandet i miniatyr.

Me vil profilere fjelltoppane i kommunen, ulike turstiar, «Fjon – idyll» innerst i Ålfjorden og kystlandskap generelt med lynchgeier, skog, utmark, høge nutar og fjell.

Me har ei stor og lang kystline både vest, nord og aust i kommunen som er ideell for fiske og fangst. Desse områda skal me profilere i kommunal og regional regi som flotte rekreasjonsområde.



13



Sveio Arbeidarparti vil:

- profilere natur, turisme og reiseliv gjennom sosiale medium og heimesida til kommunen.
- samarbeide med frivillige lag og organisasjonar om å etablere fleire turstiar, badeplassar og nærmiljøanlegg.
- vidareutvikle Vigdarvatnet som badeplass og turområde.
- vidareutvikle Ryvarden.
- legge til rette for, og støtte lokale initiativ innan turisme og reiseliv.

Trafikksikring og samferdsel



Sveio Arbeiderparti vil fortsette å halde fokus på trafikksikring i kommunen. Me ser at til dømes sykkel- og gangveg ved Vikse skule er døme på prosjekt som gir positive ringverknader i nærmiljøet.

Me vil arbeide aktivt for at hovedvegane til og frå Sveio blir utbetra og at planar blir realisert. Me skal vera ein pådrivar for at ny veg frå Fagerheim til Ekrene blir gjennomført gjennom bypakken.

Rogfast vil gi store positive ringverknadar for vår region. Sveio Arbeiderparti meiner det er svært viktig

at Hordfast blir realisert, i tillegg til vegen i mellom: Bokn – Bømlafjorden. Reisetida vil kortast ned i så stor grad at vår bu- og arbeidsmarknad blir utvida. Det gir store moglegheiter for vekst i folketal og næring.

Sveio Arbeiderparti vil legge til rette for at fleire kan kome seg til fritidsaktivitetar i vår kommune og nabokommunar. Me vil derfor sjå på eit mogleg pilot-prosjekt i samarbeid med Vestland fylkeskommunen som gjeld eit betre kollektiv tilbod.

Sveio Arbeidarparti vil:

- fortsette å sette av årlege midlar til trafikksikring.
- vere aktiv pådrivar opp mot fylkeskommunen for å utbetre fylkesvegnettet.
- ferdigstille reguleringsplan for Fv 541 Tjernagelvegen så snart som mogeleg, og sikre midlar frå fylke.
- fortsette arbeidet med ny Rophusveg.
- sikre trygge skulevegar i heile kommunen.
- jobbe for lys, sykkel- og gangsti langs vegane i kommunen.
- arbeide for at bompengar vert halde på eit moderat nivå.
- arbeide for betre vegstandard med gul midtlinje på F47, til dømes mellom Tveitvegen og Vigdarheimsvegen.
- arbeide for ein trygg overgang på Bjelland (Lid – Sveio sentrum).
- arbeide for bygging av Hordfast, planarbeid med ny E39 mellom Bokn og Bømlafjorden og E134 i denne NTP-perioden.
- jobbe for gode prosessar i arbeidet med ny E39, god medverknad, og at omsynet til dei som bur og lever langs vegen skal vege tungt.
- arbeide aktivt for å betre kollektiv-tilbodet i Sveio, mtp hyppigheit og pris, i tett samarbeid med Ungdomsrådet.
- vere ein aktiv pådrivar for tettare samarbeid mellom Skysst og Kolumbus for å betre kollektivtilbodet i Sveio, til dømes ved at områda er eit felles kontraktsområde.
- utarbeide ei søknad om eit pilot-prosjekt i Sveio for eit betre kollektiv-tilbod i kommune.

Heile Sveio

Sveio Arbeiderparti ønsker å legge til rette for vekst og levande lokalmiljø i heile kommunen. Det er ved å jobbe saman me får dette til.

Sveio Arbeidarparti vil at:

- at kommunen skal vere ein meir aktiv deltakar for utvikling av tomter og bustadområder i samarbeid med private aktørar, t.d gjennom å etablere eit kommunalt utviklingselskap.
- skape gode møter mellom kommune og innbyggjarar, gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar.
- halde fram med å sette av årlege tilskotsmidlar til sosiale møteplassar og nærmiljø.
- gjennomføre ny Bulyst-runde minst ein gong i valperioden.
- i heile sveio er det fleire godkjente private reguleringsplanar, óg med bustadforemål. For å stimulere til realisering av desse planane, vil Sveio Arbeiderparti arbeide for at kommunen utviklar ein strategi for utbygging gjennom å invitere til ein idédugnad i eit område/krins om korleis ein kan realisere private reguleringsplanar gjennom samarbeid, gjerne med investorar på laget.
- støtte opp om tiltak og forslag som kom fram i Bulyst-prosessen innanfor ansvarlege økonomiske rammer i samarbeid med bygdelaga.
- sjå på moglegheiter for å samle informasjon om tomter, bustader og tilbod i kommunen i ei nettside.
- gi tilskot til eventuelle Liv og lyst-søknadar frå krinsane.



Sveio Arbeiderparti vil bruke rapporten frå Bulystunden aktivt. Nedanfor har me nokre døme på kva me vil arbeide for i neste periode i kvar krins.

Vikse:

- Arbeide opp mot Vestland fylke for bygging av sykkel- og gangveg til Vikse skule.
- Vere pådrivar for å få daglegvarebutikk på Ekrene.
- Vidareutvikle næringsområdet på Ekrene.
- Ferdigstille områdeplan for Ekrene Vest for å legge til rette for nye bustadtomter.

Bua:

- Ferdigstille reguleringsplan for fv 541, og arbeide aktivt mot Vestland fylkeskommune for finansiering.
- Sikre aktivitet på næringsområdet på Tjernagel.

Auklandshamn:

- Arbeide for trygg skuleveg og lys langs vegen.
- Arbeide for betre merking av turstiar.
- Legge til rette for småbåtanlegg/ båtplassar.
- Støtte opp om nærbutikken.

Sentrum:

- Sveio arbeiderparti vil arbeide aktivt for å vidareutvikle eit framtidretta sentralidretts- og kulturanlegg ved Vigdartun. Me har kome langt i planlegginga av badeanlegg saman med Nyskapande aktivitets- og idrettsanlegg. Saman vil dette gi eit svært godt tilbod til våre innbyggjarar, samstundes som det gjer oss meir attraktive for tilflytting.
- Støtte lokal handel.
- Ferdigstille ny kommunal barnehage i sentrum.
- Syte for gode møteplassar, blant anna ved å vidareutvikle og utvide Vigdartun kultursenter.
- Vidareutvikle badeplass ved vigdarvatnet.

Lid:

- Arbeide for trygg skuleveg til Sveio skule.
- Driftstilskot til Lid skule som møteplass i bygda.
- Samarbeide med Lid-krinsen om rehabiliteringstiltak til Lid skule

Førde:

- Arbeide for at Karmsund havn skal ruste opp kommunekaien, og gjerne etablere eit småbåtanlegg.
- Støtte opp under Rex garden som turistattraksjon og rekreasjonsområde.
- Ruste opp parkeringsplass mot kaien.
- Legge til rette for ladestasjon for el-bil.
- Legge til rette for fleire møteplassar.

Valestrand:

- For å støtte opp om det varierte kulturlivet i Valestrand vil Sveio Arbeiderparti at Sveio kommune greier ut om det er mogeleg å realisere eit kulturbygg i samarbeid med Fartein Valen-stiftinga og representantar fåa det varierte kulturlivet. Denne utgreiinga skal sjå på modellar og mogelegheiter for privat finansiering av investering og drift.
- Arbeide for at vegvesenet set av nødvendig areal i Valevåg til tiltak beskrive i Liv og Lyst prosjektet «Mulighetsstudie for Valebygda».
- Støtte opp om nærbutikken i Valevåg.





«Me heiar på
Sveio»

Linn Therese Erve
Ordførarkandidat



6 gode grunnar til å stemme Sveio Arbeiderparti:

- 1.** Dei store oppgåvene løyser me best saman! Det skal vere godt å bu i Sveio, og me vil syte for gode tenester til innbyggjarane frå "vogge til grav".
- 2.** Me vil at barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår, der tidleg innsats i barnehage og skule står sentralt. Alle barn og unge skal ha like moglegheiter til å delta på aktivitetar – det er fellesskapet si oppgåve.
- 3.** Me vil utvikle helse- og omsorgstenestene til å møte framtidens behov, der eit aldersvenleg samfunn står sentralt.
- 4.** Me tar Sveio inn i framtida! Me vil utvikle kommunen vidare og vil fullføre aktivitets- og idrettsanlegg, badeanlegg og ny kommunal barnehage.
- 5.** Me vil ta vare på næringslivet i Sveio og arbeide aktivt for å få nye næringar til å etablere seg her.
- 6.** Me vil arbeide for vekst og levande lokalsamfunn i heile Sveio, i tett dialog og samarbeid med innbyggjarar, lag og organisasjonar.

Møt våre kandidatar



LINN THERESE ERVE



HÅKON J. SKIMMELAND



ANNE LISE ØKLAND



TROND WIDAR VÅGÅ



TATSIANA KOZEL



KRISTIAN HAALAND



SIGRUN BØE PEREZ



PER OVE ØKLAND



RAGNHILD LYSE



JOHN TORE HOVDA MØLSTRE



INGER-EMILIE K. PANNIKOTO



OLE JØRGEN FURDAL



INGVILD HAUGLAND



OLAV BERGMÅL



MARIT ELISE LIER



JON ARNE VALEN



HANNE INGEBRIGTSEN



KARSTEIN SKIMMELAND



RANDI SKIMMELAND



VÅRT PROGRAM

